



Lindås VVS AS  
Postboks 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7707 - 15/592

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.03.2015

## Utsleppsløyve for 3 hytteeigedomar - gbnr 124/24 ,124/25 og 124/26 - Kjeilegavlen.

**Administrativt vedtak. Saknr: 070/15**

**Tiltakshavar:** Gunn Kvalvågnes  
**Ansvarleg søker:** Lindås VVS AS

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 3 frådeltte hyttetomtar på gbnr 124/24, 124/25 og 124/26. Eigedomane skal knytast til eksisterande privat avlaupsleidning som går til sjø. Avlaupet frå kvar eigedom skal reinsast i eigen slamavskiljar før avlaupet vert ført i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning.

Det er i dag 1 bustad og 2 hytter som er knytt til felleisleidningen, opplyst til 3 x 5 pe. Utsleppsløyvet vert no utvida med 3 x 5 pe. Samla storleik for utsleppet vert då 30 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 01.12.2014.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål med spreidd bustadbygging. Søknaden vert vurdert å vera i samsvar med plan.

#### Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 02.03.2014.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført til eksisterande felles avlaupsleidning som går til sjø.

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 124/1. Det ligg føre avtale, for kvar av eigedomane, om plassering av leidningar på gbnr 124/1 datert 17.09.2014.

Det ligg føre avtale med eigar av gbnr 124/12 om at eigedomane gbnr 124/24, 124/25 og 124/6 kan knyta seg til eksisterande kloakkleidning som går til sjø datert 05.10.2014.

### **Drift og vedlikehald**

Eigedomane skal inngå i kommunal slamtømmeordning. Det skal betalast gebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova og har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i naturbasen. Kommunen vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldslova og dei omsyna denne skal ivareta.

### **VURDERING**

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Kommunen føreset at eksisterande utsleppsleidning har tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet og er forskriftsmessig lagt med tilstrekkeleg overdekking mm i samsvar med gjeldande lovverk.

Utsleppsleidningen skal forlengast og førast ut på 15 m djupne slik vist i situasjonskart mottatt 02.03.2015.

Det vert vurdert at slamtømming er mogleg innanfor den kommunale slamtømmeordningar. Eigedomane skal knytast til kommunal slamtømmeordning.

### **Godkjenning etter anna lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, pbl. Søknad ligg føre og vert handsama i eiga sak.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk. Søkjar opplyser at søknad er send. Det må liggja føre løyve etter hamnelova før det vert gitt løyve til tiltak etter pbl.

VEDTAK:

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 3 hyttetomtar i samsvar med søknad mottatt 01.12.2014, supplert 02.03.2015, og på følgjande vilkår:**

1. Avlaupet frå kvar av eigedomane skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før avlaupet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande privat avlaupsleidning som går til sjø.
2. Eksisterande utsleppsleidning til sjø skal forlengast slik det går fram av situasjonskart mottatt 02.03.2015 og førast til 15 m djupne.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
4. Det skal betalast årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
5. Eigedommen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slik vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Løyvet er gjeve under føresetnad av at eksisterande utsleppsleidning har tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet og er forskriftsmessig lagt med tilstrekkeleg overdekking mm i samsvar med gjeldande lovverk.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf.

forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

### GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utsleppsløyve < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnigjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7707.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anlaug og Mons Kvalvågnes      Kjeilegavlsvegen    5953      FONNES

202 A

Gunn Kvalvågnes      Keilevegen 97 B    5953      FONNES

**Mottakarar:**

Lindås VVS AS      Postboks 42      5951      LINDÅS